



Justis- og politidepartementet
Lovavdelinga
Postboks 8005 Dep
0030 Oslo

JUSTISDEPARTEMENTET	
02 NOV 2007	
SAKSNR:	200705911
AVD/KONT/BEH:	LOV/ED/MHG
DOK.NR. 88	ARKIVKODE:

Deres ref
200705911 EO/MHG

Vår ref
2007/12433 - PEH

Dato
31.10.2007

Høyrings svar: Forskrift til den nye offentleglova

Ein viser til departementets brev av 04.09.07, der universitetet vert invitert til å uttale seg om utkastet til forskrift til den nye offentleglova. Forskrifta, til liks med lova, gjeld for universitetets eigen verksemd, men og for nokre tilknytte verksemder, jf. § 2, 1. ledd, c) og d). Den største av desse verksemdene er for UiB sin del aksjeselskapet Unifob AS, eit forskingsselskap som har nært samvirke med UiBs fagmiljø.

Generelt vurderer Universitetet i Bergen forskriftsutkastet som godt og tenleg, men ønskjer å kommentere noen prinsipielle punkt som gjelder innsyn i forskingsdata og forskingsprosjekt, samt enkelte andre forhold.

Når det gjeld forskingsdata, er dette eit område som det er vanskeleg å sjå under eitt, fordi det er svært ueinsarta. Dels er det regulert i særlover, noko som er tilfelle for mellom anna mange sorter forskingsdata på det helsefaglege området. Mykje er også omfatta av teieplikta eller andre særreglar som regulerer retten til innsyn. Det er likevel framleis ein god del forskingsdata som vert samla inn, bearbeidd og oppbevart som har ein noko diffus status i høve til både offentleglova og arkivlovgevinga, både når det gjeld innsyn og journalføring. Denne uklarheita kan medverke til at slike data vert for lite synlege og at dei blir for lite nytta, både av forskarar og av andre interesserte. Ei betre avklaring vil vere ein føremon både med tanke på vitskapleg etterprøving, for å hindre forskingsjuks og for å kontrollere at forskingsløyvingar blir brukt i tråd med vilkåra som er sett.

Samstundes er det viktig å understreke at systema for forskingsdokumentasjon har blitt vesentleg betre i dei seinare åra. Nye databaser er utvikla, med utstrekt høve for alle interesserte til å søkje etter informasjon, så som FRIDA, som er ein base for vitskaplege publikasjonar. Desse løyser likevel ikkje alle uklare spørsmål, ettersom dei i stor grad ikkje inkluderer informasjon om arkiv og andre samlingar av underlagsdata. Samla sett meiner universitetet at det trengst ein brei gjennomgang av ei rekkje rettslege spørsmål som gjeld forskingsdata og retten til innsyn, og at det vil høve å gjere ein slik gjennomgang i tilknytning til offentleglova og offentlegforskrifta.

Innsyn i dokument knytta til forskingsprosjekt, særleg om omsynet til forskarar si utvikling av idear, vart utgreidd i NOU 2003:30 (kap 13), der det kom framlegg om modifikasjonar i offentlegprinsippet, og ein viser til denne. Problemstillinga er ikkje kommentert i Ot.prp. nr 102 til ny lov og heller ikkje teke inn i framlegget til forskrift. Universitetet ser det slik at det er eit et reelt og sakleg behov for slike modifikasjonar, og vil be om at dette blir vurdert. Det er i dag stadig høgre forventningar om at universiteta skal auke sine eksterne inntekter, og ekstern finansiering er viktig for forskinga ved institusjonane. Samstundes gir ekstern finansiering uteljning i den resultatbaserte tildelinga. Universiteta blir i denne samanhengen oppmoda til å konkurrere om midlar frå offentlege organ som Norges Forskningsråd og EU, men også til ytterlegare samarbeid mellom akademia og industri. Det siste må sjåast som viktig for generell kompetanseutvikling, nyskaping og næringsutvikling. For å kunne komme desse forventningane i møte, er universiteta avhengige av rammetilhøve som gjer det mogleg på ein god måte å konkurrere om midlar og ivareta dei økonomiske interessane som kan liggje i samarbeidet med industrien. Forskarane sine idear om utføring av prosjekt vil her ha ein særskilt viktig rolle. Prosjektbeskrivelsane vert utarbeidde anten av universiteta aleine eller i samarbeid med industrien, og uavhengig av om prosjektbeskrivelsen kan reknast for å innehalde forretningshemmelegheiter eller ikkje, vil konkurransemessige tilhøve klart peike i retning av at det bør vere krav om teieplikt.

Universitetet er samd i den oppfatninga som utvalet som laga NOU 2003:30 uttrykkjer, om at åndsverklova ikkje gir tilstrekkeleg vern for forskarars utforming av idear (kap 13.4.1.2). Forvaltningslovas § 13 første ledd nr 2 omhandlar óg berre opplysningar om "tekniske innretningar og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår". Det er derfor først og fremst forskning som skjer i form av eller som ledd i næringsverksemd som vil bli omfatta av teieplikta. Når det gjeld forskning utanfor næringsverksemd, er rettstilstanden uklar. UiB vil derfor be om at departementet vurderer å ta inn begrensningar i offentlegprinsippet når det gjeld forskingsprosjekt generelt og særleg omtale av forskingsprosjekt.

Når det gjeld utkastet elles, er det grunn til å kommentere § 5 noko. Første leddet i paragrafen gir eit generelt forbod mot å levere ut elektronisk kopi av materiale som ein tredjeperson har immaterielle rettar til. Den retten som er mest aktuell ved eit universitet, er opphavsrett til åndsverk, som våre tilsette og studentar skaper mange av. Dei som vert laga av studentar, er i stor grad eksamenssvar, og desse er regulert særskilt i lova, jf. § 26, medan åndsverk som vert skapt av tilsette, ikkje fell inn under denne regelen. Ved universitet og høgskular har det tradisjonelt vore antatt at personell i forskings- og undervisningsstillingar som skaper åndsverk til bruk for undervisning og forskning, har opphavsrett til desse verka sjølv. Det reiser spørsmålet om kven som er "tredjeperson". Etter UiBs syn er det mest tenleg å sjå det slik at rettighetssituasjonen for slike åndsverk er regulert i åndsverklova og at offentleglova eller –forskrifta ikkje gjeld på dette området.

Med omsyn til § 8, legg UiB til grunn at "kollegial eining ved universitet og høgskolar" i hovudsak er mynta på institusjonens styre og visse andre organ, som styre ved fakultet og liknande einingar. Vi vil peike på at det i tillegg finst ei lang rekkje andre former for kollegiale einingar, så som programstyre for studieprogram, forskings- og undervisningsutval på ulike nivå. Etter ordlyden gjeld unntaksheimelen i § 8 også for dokument til desse, men det synest ikkje openbert at dei same prinsippa for innsyn skal gjelde like uavkorta her. For mange slike organ, som dels har besluttande mynde, dels er rådgjevande, vil dei omsyna som ligg bak den tradisjonelle retten til å unnta interne dokument frå offentleg innsyn, framleis gjere seg

gjeldande. Vi vil be departementet vurdere om regelen i forskriftsutkastet bør innskrenkast noko på dette punktet.

Det siste som kort skal nemnast, gjeld § 11, 1. ledd, der det vert fastslått at det ordinære klageorganet også skal handsame klagar når det er gitt avslag på krav om innsyn. Dette er allereie fastslått i våre lokale reglar, som ei oppfølging av universitets- og høgskolelova § 5-1 (1), der det heiter at institusjonens klagenemnd skal handsame klager over "enkeltvedtak". Rett nok står dette språkleg i ein samanheng som kan tyde på at det først og fremst er enkeltvedtak som gjeld studentar som er meint. Etter UiBs meining er det likevel mest føremålstenleg at institusjonens klagenemnd handsamar også klagesaker som gjeld avslag på innsynskrav, uansett kven kravet kjem frå. Det er i denne samanhengen ein ulempe at klagenemnda berre møtest 10-11 gonger årleg, men det er vanskeleg å peike på andre klageorgan med høveleg kompetanse og moglegheit til å handsame slike klagar raskare. Den praktiske røynda ved UiB er at klagar av dette slaget kjem svært sjeldan. Fleirtalet av innsynskrava vert innvilga, og når det vert avslått, legg ein stor vekt på å gi ei utfyllande grunngjeving.

Med hilsen

Sigmund Grønmo
rektor

Kari Tove Elvbakken
universitetsdirektør

Kopi:
Kunnskapsdepartementet